



DEN NORSKE KYRKJA
Klepp sokneråd

Kleppevarden 2
Postboks 101
4358 KLEPPE
klepp.sokneraad@klepp-kirken.no
www.kleppkyrkje.no
Kontonr. 3290.07.71265
Org.nr. 976 993 551

Møtebok.

Frå kl 19:30 til 22:00 Møtedato: 10.06.2015

Frå saksnummer: 53/15 Til saksnummer: 59/15	Møtestad: Klepp kyrkje, Menighetssalen
Av utvalet sine medlemmar/ varamedlemmar møtte:	
Medlemmer:	Maria Friestad Bergseth Sikkeland (leiar) Ivar Slettebø (nestleiar) Andreas Haarr (sokneprest) Svein Olav Nesse Arvid Hareland Inger Vassel Myrstad Edel Østrem
Vara medlemmer:	Pauline Braut (1.vara)
Andre:	Ingunn D Aandal – sekretær Leiar for styringsgruppa Klepp stasjon kyrkjelyd – Sølve Salte – sak 59/15
Diverse merknader	Ikkje til stades: Jan Arild Anda Else Fredheim Hodne

Sak 53/15 Godkjenning av saksliste og innkalling

Vedtak:

Saksliste og innkalling vert godkjent.

Sak 54/15 Godkjenning av møtebok frå møte den 20.05.2015

Vedtak:

Møteboka av 20.05.2015 vert godkjent.

Sak 55/15 Mandat for gudstenesteutvalet

Gudstenesteutvalet har som mandat

1. Fylgja opp vedteken grunnordning for gudstenestene i Klepp kyrkje, sjå til at denne vert fylgd, evaluere ordninga og koma med framlegg om eventuelle endringar.
2. Gudstenesteutvalet kjem med forslag om halvårleg plan for gudstenestelivet i lag med sokneprest og kantor og resten av staben. Dette vert langt fram for soknerådet til godkjenning.
Koma med framlegg om satsing på spesielle gudstenester og vera med på gjennomføringa av desse.
Kom med framlegg om spesialtiltak, satsing overfor spesielle målgrupper og likande
3. Rekruttera og organisera medhjelparar i gudstenesta, slik som klokkarar, nattverdmedhjelparar, prosjektorførarar, kyrkjevertar, lydfolk, pyntegruppe, kyrkjekaffi, betalingsterminal og andre.
4. Arrangera årlege samlingar på vegne av soknerådet, for alle som har oppgåver i gudstenesta. Her kan ein dela erfaringar og drøfta eventuelle endringar
5. Arbeida for å auka gudstenestedtakinga
6. Gudstenesteutvalet har 5-7 medlemmar, inkludert sokneprest og kyrkjemusikar, og ein frå soknerådet, og vert utnemnt av soknerådet. Gudstenesteutvalet vel sjølv leiar og sekretær.
7. Funksjonstida er 2 år.
8. Gudstenesteutvalet rapporterar til soknerådet.

Vedtak:

Foreslått mandat vert godkjent med nokre korrigeringar.

Sak 56/15 Lokal grunnordning for gudstenester

Vedtak:

Foreslått «Søknad om godkjenning av lokal grunnordning» vert godkjent

Sak 57/15 Ny kyrkje - orientering

Klepp kyrkjelege fellestråd har utnemnd ei plannemnd for bygging av ny kyrkje. Plannemnda består av: Leif Solberg, Livar Salte, Maria F.B. Sikkeland, Svein Olav Nesse, Ivar Slettebø og kyrkjevertja. I tillegg ynskjer fellestrådet at Klepp kommune stiller med 1-2 personar.

Sak 58/15 Kyrkjeval 2015

- a) Stand Klepp24 –
 - Informasjon om val – rollups frå bispedømmekontoret
 - Brosjyre om alt arbeidet
 - Kulepennar til utdeling – namn og nettadresse
 - Brosjyre for gjevartenesta
 - Stiftelsen deltek og
- b) Valdagen – desse kan stilla frå soknerådet
 - Pauline (frå ca kl 9)
 - Ivar (heile dagen)
 - Maria (første økt)
 - Arvid (heile dagen)
 - Inger (andre økt)
 - Sekretær sender mail til dei som deltok som valfunksjonærar i 2011 og spør om dei kan vera med denne gongen og.
- c) Oppteljing – vert gjort valdagen etter at vallokala er stengde.
 - Desse deltek: Edel, Inger, Maria, Ivar, Andreas og Ingunn

Sak 59/15 Klepp stasjon kyrkjelyd – ombygging av pakkhuset

Leiar i styringsgruppa Klepp stasjon kyrkjelyd, Sølve Salte, informerte om arbeidet med pakkhuset.

Dei er godt i gang med arbeidet og siste månaden har det vore arbeidd 200 dugnadstimar.

Leigekontrakten med ROM Eiendom er forlenga med 15 år – med 1 års oppseiing.

Lokalet vert eit forsamlingslokale med plass til 140-150 personar.

Budsjett for ombygginga er 600.000. Det er per dags dato samla inn 310.000 til dette prosjektet. Arbeidet held fram så lenge det er midlar til det.

På sikt er det ynskjeleg med eit kjøken.

Sølve informerte vidare om arbeidet i kyrkjelyden og dei utfordringane dei har hatt i det siste.

Det er eit ynskje frå Klepp sokneråd si side om auka informasjonsflyt mellom styringsgruppa og soknerådet.

Ref. Ingunn D Aandal
Sekretær